

**Fra:** Jarand Felland (SP) (jarand.felland@tokke.kommune.no)

**Sendt:** 09.09.2019 11:57:40

**Til:** Laila Perine Høivik; Åse Egeland - Bø; Anita Cecilie Kirkevold; Torunn Räftevold Rue; ru-gunna@online.no; stelnes@online.no; berge.tor.ivar@gmail.com; Bjørn Aase; Tarjei Gjelstad; Magne Skarprud; opsund.s@online.no; Frid Berge; groreidun@gmail.com; aase.bunkholt@lyse.net; post@garvikstrondi.no; Kjellsen, Arne; Olav Bjørn Bakken; John Kleiv; 'vidar.lofthus@bo.kommune.no'; Halfdan Haugan

**Kopi:** Bjarte Guddal; nve@nve.no

**Emne:** Sundsbarmkonsesjonen - forlengig av svarfrist for Tokke kommune

**Vedlegg:**

Hei,

Fyrst vil eg på vegne av Tokke kommune takke både NVE og Sundsbarm Kraftverk DA for ein ryddig og god gjennomføring av synfaringa i førre veke langs vassdraga som er råka av Sundsbarmkonsesjonen. Det var både lærerikt og hyggeleg.

Vi forstod det slik at det var høve til å kome med justerte innspel innan 20. september 2019. Dette er ein for kort frist for Tokke kommune for å handsame saka på ein god måte.

I etterkant av innspela frå Tokke kommune frå 2016 har Sundsbarm kraftverk DA kome med fleire konstruktive innspel knytt til justert minstevassføring.

Tokke kommune ynskjer å vurdere dette nærare. Kanskje kan ein tenkje seg ein tredeling i vasslippet i Ofteåi frå Hoveddammen. Det er også grunn til å tru at nedbøren har auka jf. Notat om kraftproduksjon og magasindisponering frå Skagerak Energi frå 15.5.2018 side 12. Kraftproduksjonen har i alle fall auka. Det er også interessant å bruke NVE sitt vassatlas der det kan sjå ut som om nedbøren var høgare i perioden 1930 til 1960 enn frå 1960-1990.

<https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas#>

Tokke kommune ynskjer også å vurdere om det vil vera grunnlag for å overflatevatn frå Hovdevatn som miljøvassføring. Årsaka til at dette kan vere interessant å sjå nærare på, er at vassnivået i vatnet ligg særstabil i mange månader i året.

Til å vurdere desse spørsmåla treng kommunen noko tid.

I tillegg ynskjer vi også å forankre våre innspel i kommunestyret.

Vi har kommunestyremøte i byrjinga av desember.

Vi ynskjer difor å be om utsett svarfrist til **13.12.2019**.

Berre ta kontakt dersom noko er uklårt.

Vennleg helsing



---

**Jarand Felland**

Ordførar (Sp), Tokke kommune

Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

+47 35 07 52 00

+47 975 91 778

[jarand.felland@tokke.kommune.no](mailto:jarand.felland@tokke.kommune.no)

[www.tokke.kommune.no](http://www.tokke.kommune.no)

---

